



Til fastlegane i Lindås

**Retningslinjer for dekning av øyeblikkeleg hjelp-funksjon på dagtid
Pasientkontordagar fastlegane, vikarlegar og turnuslegar i Lindås**

Det er nødvendig å klargjere nærare ansvaret for øyeblikkeleg-hjelpfunksjonen mellom fastlegane og Nordhordland legevakt (NLV) på dagtid. NLV har hatt ein betydeleg auke av pasientar som vert hensivt frå legekontora på dagtid (pasientane opplyser at dei ikkje har fått time hjå fastlegen). Presset er så stort på NLV at ved fråvær av fastlegane må dei heile tida vurdere å ta inn ekstra lege. Derfor er det nødvendig å ha klare reglar for melding av både sjukefråvær på pasientkontordagar og reglar for planlagte fråvær.

I samråd med legevaktsjef Grethe Fosse og driftsleiar Erna Fosse har vi kome fram til følgjande retningslinjer:

Retningslinjer for dekning av øyeblikkeleg hjelp-funksjonen:

- Fastlegane (vikarlegane) har øyeblikkelg – hjelpfunksjon for sine listepasientar på sine kontordagar.
- Dersom fastlegane ikkje har kapasitet til å ta imot paseintar som er vurdert til å ha behov for øyeblikkeleg hjelp på dagen, skal legen/legekantoret ta kontakt med NLV for å avklare at NLV kan ta imot pasienten.

Nordhordland daglegevakt har funksjon for akutte og livstruande situasjonar for fastlegen sine pasientar (når dei andre legane ved kontoret ikkje har kapasitet):

- Dei dagane legen ikkje har pasientkontordagar
- Ved sjukdom (legekantoret må melde dette direkte til NLV snarast)
- Ved planlagt og meldt fråvær (må meldast den første i kvar månad). Det planlagte fråværet skal avtalast med einingsleiar Reidun S. Sæbdal

I tillegg har Nordhordland legevakt ansvar for utrykking på raud respons også på dagtid.

Med helsing

Lars K Lie
kommuneoverlege
sign.

Reidun S. Sæbdal
einingsleiar
sign.